

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Radøy kommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3862 - 18/15014

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
08.05.2018

PLANGODKJENNING - PRESTMARKA BARNEHAGE AVD. SOLHALL

Miljøretta helsevern skal i samband med ombygging av Prestmarka barnehage avd. Solhall gje samtykke til planar. Dette i samband med rettleier til *forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6*.

Søknad om plangodkjenning er motteke den 8.3.18, og teikningar er motteke 21.3.18.

Miljøretta helsevern har vore på møter, synfaring og vurdert tilsendte teikningar.

Det er planar om å bygge om det gamle DPS- bygget i Radøy kommune til barnehage (Prestmarka barnehage avd. Solhall). Avdelingane vil vere knytt til Prestmarka barnehage. Utbygginga er tenkt i 2 trinn der Solhall 1 skal først stå ferdig ca. 1.1.19, for så og starte på ombygging av Solhall 2 som skal vere ferdig ca. 1.1.20.

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m² for barn over 3 år og 5,3 m² for barn under 3 år. Uteleikearealet bør vere 6 gangar så stort (ca. 24 m² for barn under 3 år og 33 m² for barn over 3 år).

Barnehagen har opplyst at avdeling Solhall (Solhall 1 og Solhall 2) skal totalt ha 140 barn mellom 0 – 6 år. 140 barn over 3 år skal ha eit netto leike- og opphaldsareal på 560 m².

➤ **Vurdering**

Ut i frå tilsendte teikningar ser ein at Solhall 1 har ca. 461 m² og Solhall 2 har ca. 333 m², totalt ca. 794 m² leike,- og opphaldsareal. Det er då rekna med fingarderobe, fellesareal, leikerom og baserom. Dersom ikkje fingarderobe er egna til leik og opphald, er arealet 642 m².

Utearealet er oppgitt til ca. 3700m².

Ut i frå dette, så har Solhall tilfredsstillande areal innandørs. Storleiken på utearealet må vurderast dersom hovudmengda av barn er over 3 år. Kvart barn over 3 år bør ha ca. 33 m² tilgjengeleg uteareal.

Når det gjeld uteområdet, så er næraste «nabo» Radøy Interkommunale Busenter (**RIB**). Det vart opplyst på møte at det vil bli bygget gjerde mot RIB, slik at barnehagen er skjerma for innsyn. Dette gjeld også tilkomstveger.

Barnehagen har lagt til rette for 2 stk. toalett på uteområdet.

Inneareal vil bl.a. innehalde grovgarderobe, fingarderober, fellesareal, baserom og leikerom. I tillegg kjem fleire toalett og stellerom. Det er tenkt lystunnel i taket i store deler av bygget, slik at det kjem inn dagslys. Bygget skal ha balansert ventilasjon.

Det er berre teikna inn ein handvask i ein fingarderober, elles er det handvask på toalett/stellerom og på avdelingane.

Miljøretta helsevern anbefaler handvask i grov,- eller fingarderober, slik at alle (tilsette, føresette og barn) kan vaske hender i det dei kjem inn i barnehagen. Handhygiene er det viktigaste, enklaste og beste tiltaket vi har for å hindre smitte. Berøringsfrie kranar anbefalast (omsyn til hygiene, temperaturinnstilling og mindre vassmengde).

Barnehagen må ta omsyn til fylgjande:

- Hygiene – handvask i grov,- eller fingarderober bør vurderast.
- Trafikksikring – det må etablerast trafikksikker åtkomst (levering/henting og leveranse).
- Vasskranar – Det må vere skåldesperre på vasskraner som barna nyttar.
- Ombygging - Gode planar for sikring/skjerming av barn og tilsette under byggeperioden.

➤ **Samtykke til planer**

Miljøretta helsevern samtykkjer til planane til Solhall 1 og Solhall 2, etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*

Ei endeleg godkjenning av Prestmarka barnehage avd. Solhall (etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*) vil bli gitt etter søknad når ombygging/ending av bygget er ferdigstilt.

Med helsing

Tord Moltumyr
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Einar Færø
Helge Vallestad
Jarle Landås
Olaf Michal Hella
Radøy kommune
Rita Amundsen